



## Møteinnkalling

**Utval:** Valnemnda  
**Møtestad:** møterom Hasund, Ulstein rådhus  
**Dato:** 23.04.2018  
**Tid:** 18:00

Vi ber om at fråfall vert melde snarast råd til møtesekretæren.

Medlemmer som er ugilde i ei sak vert bedne om å gi melding, slik at varamedlemmer kan kallast inn.

Varamedlemmer som får saksdokumenta til orientering, får ei særskilt melding når dei skal møte.

Møtet er ope for publikum, bortsett frå når det eventuelt skal behandlast saker som er unnatekne offentleg innsyn.

Saksdokumenta er publiserte under «Politikk, påverknad og val» på [www.ulstein.kommune.no](http://www.ulstein.kommune.no).  
Dei kan lesast i servicetorget på rådhuset.



# SAKLISTE

Saksnr	Tittel	Arkivsaknr
PS 18/9	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE	
PS 18/10	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE	
PS 18/11	MELDINGSSAKER	
PS 18/12	SUPPLERING AV SKATTETAKSTNEMNDA	2017/2672

Eventuelt

Ulsteinvik, 20.4.2018

Hannelore Måseide  
leiar

Svein Arne Orvik  
møtesekretær



**PS 18/9 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE**

**PS 18/10 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE**

**PS 18/11 MELDINGSSAKER**



## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar: Svein Arne Orvik

Arkivsak: 2017/2672

Løpenr.: 5319/2018

---

---

**Utvalsaksnr.**

18/12

**Utval**

Valnemnda

Ulstein formannskap

**Møtedato**

23.04.2018

---

### SUPPLERING AV SKATTETAKSTNEMNDA

#### Saka gjeld:

Ulstein kommunestyre peika 15.2.2018 ut ei skattetakstnemnd i samband med innføringa av eigedomsskatt i kommunen. Det er behov for å peike ut eit nytt varamedlem til nemnda.

#### Tilråding frå ordføraren:

... vert vald som personleg vara for Hanne Kristin Sæter Gurskevik til skattetakstnemnda i Ulstein.

**Saksfakta:**

Ulstein kommunestyre vedtok 28.12.2017 å innføre eigedomsskatt på faste eigedomar i Ulstein kommune, unnateke verk og bruk og annan næringseigedom, jf. sak PS 17/101.

15.2.2018 utnemnde kommunestyret ei skattetakstnemnd til å stå for taksering, jf. [eigedomsskattelova § 8 A-3 \(2\)](#).

Når det gjeld saksfakta elles, viser vi til dei vedlagde saksdokumenta frå utnemninga av den første nemnda.

**Vurderingar og konklusjon:**

Det er meldt inn frå skattetakstnemnda at det er behov for å erstatte Lidbjørn Vattøy med ein ny varamedlem. Grunnlaget for behovet er at takseringsarbeidet er tidkrevjande og i stor grad foregår på dagtid. Det har vist seg vanskeleg for det faste medlemmet og hennar vara å ta del i feltarbeidet då det går utover fast arbeid. Nemnda treng difor tilgjengelege varaar for å kunne utføre oppdraget sitt.

Valnemnda vert beden om å føreslå ein ny varamedlem for Hanne Kristin Sæter Gurskevik.

Folkehelse- og miljøkonsekvensar: ingen kjende

Økonomiske konsekvensar: ingen kjende

Beredskapsmessige konsekvensar: ingen kjende

Vedlegg:

- 1 VS: Skattetakstnemnda.
- 2 Særutskrift Val av medlemmer til skattetakstnemnd og klagenemnd, samt vilkår for nemndene

Knut Erik Engh  
ordførar

Svein Arne Orvik  
leiar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*



Fra: Knut Erik Engh[knut.erik.ENGH@ulstein.kommune.no]  
Sendt: 19.04.2018 08:32:01  
Til: Svein Arne Orvik; Kari Marie Øvrebø  
Tittel: VS: Skattetakstnemnda.

---

Vedleggast saka

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Knut Erik Engh  
Sendt: 18. april 2018 22:15  
Til: 'Lidbjørn Vattøy' <lidbjorn@gmail.com>  
Kopi: 'Hannelore Måseide' <hannelore@stayon.no>; olavsater@yahoo.no  
Emne: SV: Skattetakstnemnda.

Hei Lidbjørn

Eg er orientert om situasjonen. Vi vurderer no å foreta suppleringsval for denne nemda på grunn av at fleire er i same situasjon som deg.

Sender kopi av denne eposten til leiar i nemnda Olav Sæter og leiar i valnemda Hannelore Måseide.

Med vennleg helsing

Knut Erik Engh - Ordførar

95766692

[www.ulstein.kommune.no](http://www.ulstein.kommune.no) -----Opprinnelig melding-----

Fra: Lidbjørn Vattøy [<mailto:lidbjorn@gmail.com>]  
Sendt: 18. april 2018 22:11  
Til: Knut Erik Engh <knut.erik.ENGH@ulstein.kommune.no>  
Emne: Skattetakstnemnda.

Har oppdaga at eg er vald inn i denne nemnda. Las det i Vikebladet. Har ikkje fått noko informasjon frå kommuna. Når eg vart spurd forstod eg det slik at det vart nokre kveldsmøte. Arbeidssituasjonen min som avdelingsleiar gir ikkje muligheit for å ta fri heile dagar til dette. Me manglar også 1 arbeidar for tida. Må difor be om fritak frå dette oppdraget.

Mvh  
Lidbjørn Vattøy

Sendt fra min iPad



## SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Kari Marie Øvrebø

Arkivsak: 2017/2672

Løpenr.: 1968/2018

Utvalsaksnr.	Utval	Møtedato
18/8	Valnemnda	15.02.2018
18/11	Ulstein kommunestyre	15.02.2018

### VAL AV MEDLEMMER TIL SKATTETAKSTNEMND OG KLAGENEMND, SAMT VILKÅR FOR NEMNDENE

#### Saka gjeld:

Ulstein kommunestyre vedtok 28.12.2017 å innføre eidegdomsskatt på faste eidegdomar, unnateke verk og bruk og annan næringseigedom, jf. sak PS 17/101. Ved innføring av eidegdomsskatt skal valnemnda legge fram forslag om medlemmer til ei skattetakstnemnd og ei klagenemnd, samt vilkår for arbeidet til nemndene til neste møte i kommunestyret.

#### Vedtak i Ulstein kommunestyre 15.02.2018:

Ulstein kommunestyre vedtek følgjande vilkår og medlemssamansetning til skattetakstnemnda og klagenemnda:

Nemndene vert sette saman slik:

#### **A. Skattetakstnemnd:**

Leiar: Olav Sæter

Nestleiar: Kristin O. Myrene

Medlem: Hanne Kristin Sæter Gurskevik

Personleg vara: Hallgerd Conradi

Personleg vara: Bjørn Roppen

Personleg vara: Lidbjørn Vattøy

#### **B. Klagenemnd:**

Leiar: Aase Ulla

Nestleiar: Magne Bergseth

Medlem: Wenche Osnes Låbakk

Personleg vara: Magnar Hatløy

Personleg vara: Kjell Einar Hatløy

Personleg vara: Kari Warholm

Desse vilkår gjeld for arbeidet til nemndene:

#### **1) Leiargodtgjersle:**

- Leiaren i skattetakstnemnda og klagenemnda får ei fast, årleg leiargodtgjersle på kr. 4 000, jf. politisk reglement pkt. 3.3, gruppe 2a under kapitlet om arbeidsgodtgjersle.
- 2) Godtgjersle for møte og synfaring:**
  - Møtegodtgjersla for medlemmene vert kr. 450 pr. møte, jf. politisk reglement pkt. 4.3 under kapitlet om arbeidsgodtgjersle. Dersom nemnda er samla kun for å gjere synfaring, så vert dette også rekna som møte.
- 3) Tappt arbeidsforteneste:**
  - Den som blir trekt i lønn av arbeidsgjevar har krav på å få tapet dekt. Dei som får lønn frå sin arbeidsgjevar får ikkje noko særskilt godtgjersle.
  - Dekking av tappt arbeidsforteneste skjer etter same vilkår som i del 3, punkt 5 i politisk reglement.
- 4) Reiseutgifter:**
  - I samsvar med [kommunelova § 41](#) får medlemmer godtgjort utgifter til skyss etter det til ei kvar tid gjeldande reiseregulativ for kommunalt tilsette.
- 5) Sekretariat for nemndene:**
  - Teknisk etat

**Handsaming:**

Saksframlegget og tilrådinga frå valnemnda vart lagt fram i møtet.

**Røysting:**

Tilrådinga frå valnemnda vart vedteken med 25 mot 0 røyster.

**Tilråding frå valnemnda, 15.02.2018:**

Ulstein kommunestyre vedtek følgjande vilkår og medlemssamansetning til skattetakstnemnda og klagenemnda:

Nemndene vert sette saman slik:

**C. Skattetakstnemnd:**

Leiar: Olav Sæter

Nestleiar: Kristin O. Myrene

Medlem: Hanne Kristin Sæter Gurskevik

Personleg vara: Hallgerd Conradi

Personleg vara: Bjørn Roppen

Personleg vara: Lidbjørn Vattøy

**D. Klagenemnd:**

Leiar: Aase Ulla

Nestleiar: Magne Bergseth

Medlem: Wenche Osnes Låbakk

Personleg vara: Magnar Hatløy

Personleg vara: Kjell Einar Hatløy

Personleg vara: Kari Warholm

Desse vilkår gjeld for arbeidet til nemndene:

**6) Leiargodtgjersle:**

- Leiaren i skattetakstnemnda og klagenemnda får ei fast, årleg leiargodtgjersle på kr. 4 000, jf. politisk reglement pkt. 3.3, gruppe 2a under kapitlet om arbeidsgodtgjersle.

**7) Godtgjersle for møte og synfaring:**

- Møtegodtgjersla for medlemmene vert kr. 450 pr. møte, jf. politisk reglement pkt. 4.3 under kapitlet om arbeidsgodtgjersle. Dersom nemnda er samla kun for å gjere synfaring, så vert dette også rekna som møte.

**8) Tapte arbeidsforteneste:**

- Den som blir trekt i lønn av arbeidsgjevar har krav på å få tapet dekt. Dei som får lønn frå sin arbeidsgjevar får ikkje noko særskilt godtgjersle.
- Dekking av tapte arbeidsforteneste skjer etter same vilkår som i del 3, punkt 5 i politisk reglement.

**9) Reiseutgifter:**

- I samsvar med [kommunelova § 41](#) får medlemmer godtgjort utgifter til skyss etter det til ei kvar tid gjeldande reiseregulativ for kommunalt tilsette.

**10) Sekretariat for nemndene:**

- Teknisk etat

**Handsaming:**

Valnemnda si tilråding vart vedteke med 7 mot 0 røyster.

**Tilråding frå valnemnda:**

Nemndene vert sette saman slik:

**E. Skattetakstnemnd:**

Leiar:.....	Personleg vara:.....
Nestleiar:.....	Personleg vara:.....
Medlem:.....	Personleg vara:.....

**F. Klagenemnd:**

Leiar:.....	Personleg vara:.....
Nestleiar:.....	Personleg vara:.....
Medlem:.....	Personleg vara:.....

Desse vilkår gjeld for arbeidet til nemndene:

**11) Leiargodtgjersle:**

- Leiaren i skattetakstnemnda og klagenemnda får ei fast, årleg leiargodtgjersle på kr. 4 000, jf. politisk reglement pkt. 3.3, gruppe 2a under kapitlet om arbeidsgodtgjersle.

**12) Godtgjersle for møte og synfaring:**

- Møtegodtgjersla for medlemmene vert kr. 450 pr. møte, jf. politisk reglement pkt. 4.3 under kapitlet om arbeidsgodtgjersle. Dersom nemnda er samla kun for å gjere synfaring, så vert dette også rekna som møte.

**13) Tappt arbeidsforteneste:**

- Den som blir trekt i lønn av arbeidsgjevar har krav på å få tapet dekt. Dei som får lønn frå sin arbeidsgjevar får ikkje noko særskilt godtgjersle.
- Dekking av tappt arbeidsforteneste skjer etter same vilkår som i del 3, punkt 5 i politisk reglement.

**14) Reiseutgifter:**

- I samsvar med [kommunelova § 41](#) får medlemmer godtgjort utgifter til skyss etter det til ei kvar tid gjeldande reiseregulativ for kommunalt tilsette.

**15) Sekretariat for nemndene:**

- Teknisk etat.

**Saksfakta:**

Ulstein kommunestyre vedtok 28.12.2017 å innføre eigedomsskatt på faste eigedomar i Ulstein kommune, unnateke verk og bruk og annan næringseigedom, jf. sak PS 17/101.

Etter dette vil følgjande eigedomar vere omfatta av skatteplikt:

- a) alle bustadeigedomar
- b) fritidseigedomar (våningshus, garasjar og naust)
- c) ubygd grunneigedom (ikkje tomter regulert til næring)

Når det gjeld bustadeigedomar (a) skal Ulstein kommune nytte siste tilgjengelege tal frå [Skattedirektoratet](#) sitt register for «Formuegrunnlag for likning av bustader i Ulstein kommune» som grunnlag for eigedomsskatten. I 2018 skal [Skatteetatens](#) bustadverdi frå 2016 brukast, og skattesatsen er 2 promille av eigedomsskattegrunnlaget.

Eigedomsskatt på fritidseigedomar (b) og ubygd grunneigedom (c) skal fastsetjast av ei *skattetakstnemnd*, jf. punkt 6 i sak PS 17/101. Taksering skjer med bakgrunn i gjennomført synfaring på eigedomen, og enkle kriterier skal ligge til grunn. Ein treng ikkje bygningsmessig fagkunnskap for å vere medlem i nemnda.

Ulstein kommunestyre skal vedta eigedomsskattevedtekter for innkrevjing av eigedomsskatt i Ulstein kommune. Dette blir lagt fram i eiga sak for formannskapet og kommunestyret.

**A. Skattetakstnemnd**

Kommunestyret skal utnemne dei personane som skal stå for taksering, jf. [eigedomsskattelova § 8 A-3 \(2\)](#). Valnemnda skal legge fram forslag om medlemmer til skattetakstnemnda. Eit utgangspunkt for valnemnda si vurdering vil vere KS Eigedomsskatteforum (KSE) sitt forslag til eigedomsskattevedtekter (vedlagt) når dei vel medlemmer til nemnda:

- § 1-1 Skattetakstnemnda skal ha tre medlemmer (leiar, nestleiar og eitt medlem).  
I tillegg skal det veljast tre varamedlemmer.  
Valperioden følgjer kommunevalperioden.
- § 1-2 Medlemmer i formannskapet kan ikkje vere medlem i skattetakstnemnda, jf. [eigedomsskattelova § 21](#)

Skattetakstnemnda er også førsteinstans for vurdering av eventuelle klagar. Medlemmene skal gjennomføre takst basert på synfaring og bør ha god helse.

**B. Klagenemnda**

Dersom kommunen ikkje tek ei klage til følgje, skal klagen handsamast av ei nemnd som kommunestyret vel, jf. [eigedomsskattelova § 20](#). Valnemnda skal legge fram forslag om medlemmer til klagenemnda. KS Eigedomsskatteforum (KSE) har utarbeidd følgjande forslag til eigedomsskattevedtekter, som kan vere eit utgangspunkt for valnemnda si vurdering:

- § 1-1 Klagenemnda skal ha minst tre medlemmer (leiar, nestleiar og eitt medlem).  
I tillegg skal det veljast minst like mange varamedlemmer.  
Valperioden følgjer kommunevalperioden.

§ 1-2 Medlemmer i formannskapet kan ikkje vere medlem i klagenemnda, jf. [eigedomsskattelova § 21](#)

### **Vurderingar og konklusjon:**

Ved innføring av eigedomsskatt skal valnemnda legge fram forslag om medlemmer til ei skattetakstnemnd og ei klagenemnd. Ulstein kommunestyre skal vedta antal og samansetning i møtet 15.02.2018.

Både skattetakstnemnda og klagenemnda bør baa ha tre medlemmer (leiar, nestleiar og eitt medlem). I tillegg bør det veljast tre personlege vararepresentantar til baa nemndene. Når det gjeld val av medlemmer tek valnemnda utgangspunkt i KSE sitt forslag til eigedomsskattevedtekter.

Nivået på vilkåra som blir foreslått er på linje med Viltnemnda og Fellestrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne (.

Folkehelse- og miljøkonsekvensar:

- Ingen kjende.

Økonomiske konsekvensar:

- Ingen kjende.

Beredskapsmessige konsekvensar:

- Ingen kjende.

### **Lenke til meir informasjon:**

- [Lov om eigedomsskatt til kommunane - eigedomsskattelova](#)
- [Skatteetatens grunnlag for eigedomsskatt](#)

### **Vedlegg:**

- 1 Skattetakstnemnd og klagenemnd\_KSE sitt forslag til vedtekter
- 2 Val av representantar til Skattetakstnemnd og Klagenemnd i Ulstein kommune

Hannelore Måseide  
Leiar i valnemnda

Kari Marie Øvrebø  
møtesekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*